



**Hauggrend
3870 Fyresdal**

www.fnat.no

Tlf: 35 06 77 00

Fax: 35 06 77 09

Epost: post@fnat.no

**Utarbeida av:
-Lars Erik Gangsei**

September 2004

Risiko og Sårbarhetsanalyse Spredd hyttebygging ved Borsæ, Tokke. Tema Miljø



Oppdragsgjevar:



-Tokke kommune

Føreord

Vi vil takke Tokke kommune for oppdraget med rapporten. Åge Verpe, Elin Skålid, Sverre Bakke og Ove Geir Nevestveit har vore hjelpsame med opplysingar, grunnlagskart og anna vi har etterspurd, samt kome med verdfulle innspel til problemstillingane som vert tatt opp i rapporten. Vi vonar rapporten kjem til nytte i Tokke.

Vi vil og takke Fylkesmannen i Telemark ved Espen Marker for hjelp med opplysingar frå Naturbasen.

Fyresdal 10.09.2004



Lars Erik Gangsei

Alle bilete: Lars Erik Gangsei. Forsida viser åsen mellom Børsæ og Djupetjønn sett frå aust.

Tittel: Risiko og sårbarhetsanalyse ved spreidd hyttebygging ved Borsæ, Tokke. Tema Miljø
Oppdragsgivar: Tokke kommune
Forfattarar: Lars Erik Gangsei
Publikasjon:
Prosjektlear: Lars Erik Gangsei, Faun Naturforvaltning AS
Prosjektstart: 01.06.2004
Prosjektsslutt: 10.09.2004

Referat:

Samandrag: Norsk
Dato: 10.09.04
Tal sider: 14
Emneord: Tokke, Borsæ, spreidd hyttebygging, risiko og sårbarhetsanalyse
Utgivar: Faun Naturforvaltning
3870 Fyresdal
Tlf. 35 06 77 00, fax. 35 06 77 09
Epost: post@fnat.no
Web: www.fnat.no

Innhold

Samandrag	5
Innleiing	6
Materiale og metode	7
Resultat	8
Topografi og landskap	8
Landskap	8
Vegetasjon	8
Vilt og fisk	10
Motorferdsel	11
Friluftsliv	11
Forureining	12
Næringsverksemd	12
Kulturminne	12
Diskusjon	14
Konklusjon	14

Samandrag

Grunneigaren (Midjås) ønskjer å få regulert eit område mellom Borsæ og Djupetjønn til spreidd hyttebygging ved rulleringa av kommuneplanen. Dei ønskjer å kunne bygge 5 – 7 hytter i området.

Området ligg på ei landstripe mellom dei to vatna om lag 750 m.o.h. Området er skogkledd, for det meste av ordinære vegetasjonstypar, men eit område innhald relativt store mengder daud ved. Der er og tendensar til fleirsjiktta naturskog. Området har soleis ein høg (men på langt nær svært høg) verdi for biologisk mangfald.

Hyttebygging vil føre til auka motorferdsel. Sjølv om ei utbygging som dette er liten i forhold til nærliggande utbyggingar t.d. på Hallbjørnsekken vil ei eventuell utbygging vere eit døme på ”bit for bit” utbygging, noe som totalt sett utgjer eit av dei alvorlegaste trugsmåla mot villreinen. Sterkare press med på hyttebygging i dette området vil stå i fare for å øydlegge Vistadheia som villreinområde.

På grunn av tidlegare menneskelege inngrep, dammar og reguleringa av Borsæ kan ein ikkje sjåå at ei eventuell utbygging vil ha negativ innverknad på landskap eller vilkår for friluftsliv. Det er viktig å oppretthalde vilkåra for ferdsel langs vatnet.


På dette grunnlag konkluderer vi med at evntuell hyttebygging i området vil ha ein middels til liten negativ miljøverknad, i hovudsak grunna verknadar på villreinen og auka motorferdsel. Negative verknadar på viktig vegetasjon kan ungåast ved å legge hyttene mot Borsæ.

Innleiing

Arbeidet med ny kommuneplan for Tokke (2003-2015) vart formelt sett i gang av formannskapet 02.05.01. Grunneigarane (Midjås) nordvest ved Borsæ ønskjer å legge ut eit stykke mellom Borsæ og Djupetjønn til "spreidd hyttebygging" Dei ønskjer å kunne sette opp inn til 5 -7 hytter. Området ligg ikkje inne i utkastet til ny kommuneplan som er lagt fram, og er både i den gamle, framleis gjeldane kommuneplanen og i det nye utkastet LNF-område, kor hyttebygging ikkje er tillatt. Under arbeidet er det bare vurdert verknadane av hyttebygging. Ein går ut frå at eventuell framføring av veg er uaktuelt, og må i så fall vurderast for seg sjølv.

I området som er tenkt til hyttebygging ligg det allereie fire sperredammar som hindrar vatn frå (den regulerte) Borsæ i å renne ut i Djupetjønn og vidare mot nord. Om lag ein kilometer mot vest, ved Borsæ ligg der 5 hytter (etter kommuneplankartet).

Denne rapporten er utarbeidd på oppdrag for Tokke kommune for å gje ei grundigare vurdering av miljøfølgjene ved spreidd hyttebygging i området.



Plasseringa av området. Utsnitt frå utkastet til ny kommuneplan.

Materiale og metode


Frå kommunen har vi fått kartgrunnlag (ØK), naturtyperegistrering, viltkart, planomtale og høyringsutkast ved rullering av kommuneplanen og oversyn over scooterløyve i området.

Fylkesmannen skaffa oversyn over relevante opplysingar i Naturbasen.

Lars Erik Gangsei, Faun, og i området 06.09.04. Tida vart nytta til å danne seg eit inntrykk av landskap og vegetasjon, samt noe fotografering.

Frå dette grunnlaget vert verknadar av spreidd hyttebygging og spreidd yrkesbygging vurdert opp mot temaa *landskap og landskapsestittikk, vegetasjon og biologisk mangfald, vilt og fisk, forureining, næringsverksemd, friluftsliv og motorferdsel.*

Verknadane vert vurdert på ein skala som vist under, kor liten/ ingen verknad representerer gjeldande planstatus, LNF-område.



Den lengste sperredammen.

Resultat.

Topografi og landskap

Området ligg mellom Borsæ (755 m.o.h.) og Djupetjønn. Borsæ er regulert, og for å hindre Borsæ i å drenere mot Djupetjønn er det laga i alt 4 sperredammar. Dette er steinfallingsdammar ca 10 meter høge. Mellom Borsæ og Djupetjønn ligg der ein ås på om lag 50 dekar som hevar seg opp nær 50 meter over Borsæ. Denne skiller vatna, men både i nord og sør har ein måtte lage dei tidlegare nemnde dammane for å hindre Borsæ i å drenere mot Djupetjønn etter reguleringa. Særskilt i sør er der ei markert "landbru", Djupetjønneidet, kor dammen er ca 150 meter lang og nær 10 meter høg.

Det er naturleg å kome inn til området i båt, eventuelt over isen på Borsæ. Der går og bilveg til Ripilden, derfrå er det om lag 2 kilometer å gå.

Landskap

Hyttene er tenkt bygd på åsen mellom vatna, men og dei tilliggande areala på eigedomen er tatt med i vurderinga. Åsen ligg godt synleg frå store delar av Borsæ. Ein bør derfor prøve å skjule eventuelle hytter så godt som råd og unngå både strandlina og horisonten mot toppen av åsen. Kommuneplanen gir eit generelt forbod mot bygging nærare vatn enn 100 meter. Vert det likevel lagt opp til bygging av spreidd hyttebygging i dette området kan dette bli vanskeleg dersom ein samtidig vil unngå horisontverknad mot toppen av åsen. Vi vil derfor råde til at ein heller avgrensar arealet kor ein tillet spreidd hyttebygging noe meir nøyaktig og heller gjer eit unntak frå 100 meters-regelen (kartfiguren viser eit utkast). Dammane samt reguleringa av Borsæ gjer at strandlina alt gir eit svært "menneskepåverka" inntrykk.

Om hyttene vert lagt i dette området og krava til byggeskikk som gjort greie for i føresegnene til utkastet til ny kommuneplan vert følgt vil ikkje landskapet forringast ytterlegare som følgje av hyttebygging.

Vegetasjon


Vegetasjonen er hovudsakeleg dominert av furuskog av bærlyng, og delvis blokkebærtype. Stadvis, særskilt ned mot vatna kjem det og inn blåbærgranskog. Eit areal i den søraustre delen av "åsen" skil seg ut ved at der er gammal og ganske grov granskog, stadvis fleirsjika og med relativt store mengder daud ved av gran og bjørk. Den daude veden er av forholdsvis ny dato og manglar soleis kontinuitet. Dette bestandet har uansett ein del miljøkvaliteter og ville kvalifisere til utfigurering etter vanleg instruks for miljøregistrering i Skog (MiS).

Myrane er gjennomgåande svært fattige. Ei myr i nordvestre del av Djupetjønn skiller seg litt ut ved at der er ein del flytetorv, ikkje berre fastmatter.



Granskog med grove læger av død ved.

Granskogen aust på åsen (jamfør kart) er den einaste vegetasjonstypen med høg verdi for biologisk mangfald i området. Hyttebygging vil på line med vanleg skogsdrift (som det per dato ikkje er noen restriksjonar på) kunne redusere verdien for biologisk mangfald på dette arealet. Resten av vegetasjonen er av liten verdi for biologisk mangfald, vanleg og slitesterk.



Område med naturskog av gran /grønt) og området som egner seg best til hyttebygging (gult).



Fleirsjicka granskog.

Vilt og fisk

Korkje i naturbasen hjå fylkesmannen eller i kommunen sitt viltkart var der spesielle opplysingar om vilt i området. Viltkartet viste hadde rett nok opplysingar unndratt offentligheten i eit tilgrensande område, men opplysingane må sjåast som av uvesentleg karakter med omsyn til den planlagte hyttebygginga.

Kartet "Villreinens områdebruk i Setesdal Austhei" utgitt av Setesdal Austhei Villreinnemnd saman med fylkesmennene i Aust-Agder og Telemark viser at området ligg i eit "varierende

brukt heilårsområde”. Der er ikkje merka av noen trekkvegar. Ein merker seg likevel at eit ganske stort villreinareal på Vistadheia står i fare for å bli avstengd av (Setesdals)vegen og hytter langs denne mellom Grimdalen og Hallbjørnsekken i sør, Borsæ i vest og dalføret mellom Dalen og Froland i nord. Sjølv om de ikkje er markert trekkveg på kartet vil ytterlegare aktivitet nord for Borsæ redusere reinen sine sjansar for utveksling mellom Vistadheia og meir sentrale villreinområde ytterlegare.

Villreinen sin bruk av område varierer med storleiken på stammen. Ved ein auke i stammen på Setesdal Austhei vil større område bli tatt i bruk. Bukkane nyttar og større område enn simleflokkane, særleg om våren. Det er viktig for å oppretthalde ei sunn stamme at bukkeflokkane kan halde på slik adferd. Nett bit for bit utbygging og fragmentering av villreinområda er det største trugsmålet mot reinen. Dette er lett å gløyme når stamma er liten og der er lite rein i mange område.

Meir lokalt er det klart at ein står i fare for å redusere bruken av området mellom Djupetjønn og Borsæ som trekkveg for m.a. elg. Ein vil ved å legge hyttene vest på åsen, mot Borsæ redusere dette problemet.

Der var beverhytter i Djupetjønn. Det er ikkje grunn til å tru at hyttebygging vil påverke beveren mykje.

For fisk er det oftast ein fordel med fleire hytter og meir fiske. Dette fører til auka interesse for og nytte av ulike kultiveringstiltak.

Motorferdsel

Skoterløyve til hyttene vil bli gitt over Borsæ. Der er alt om lag 30 skoterløyve på/ ved Borsæ. Det er vanleg praksis at kvar ny hytte får skoterløyve, slik at det vil bli 5 – 7 nye løyve i området. I seg sjølv vil dette ha marginal betydning mot den ferdselen som alt finst i området. På grunn av hyttene si plassering ”lengst inn” i Borsæ må ein likevel vente ei vesentleg auke i motorferdselen i dette området.

Som nemnd går vi ut frå at hyttebygging skjer utan at det vert ført inn veg. Ved bygging av ein vegtrase vil sjølvstakt heilt andre vurderingar rundt motorferdsel og andre miljøelement vurderast.

Friluftsliv

Hallbjørnsekken ligg ikkje langt unna, og området er soleis eit viktig friluftslivområde. Det er særskilt viktig at området i strandkanten ikkje vert avstengd for ferdsel. Tomtegrensene bør derfor leggast minst 30 meter inn frå stranda, ellers er det fare for ”snikprivatisering” med grill, brygge osv. Det er liten fare for ”Skjærgårdstilstander”, men ferdselen langs vatnet bør tryggast. Dette gjev sterke begrensingar på arealet som er aktuelt for hyttetomter.

Ein kan ikkje sjå at ei eventuell hyttebygging vil ha andre negative påverkingar på friluftslivet.

Forureining

Om det ikkje vert lagt opp til innlagt vatn i hyttene vil problema rundt forureing/ avrenning vere små. Om hyttene blir lagt på vestsida av åsen som foreslått vil eventuell avrenning drenere mot Borsæ. Under feltbefaringa såg der ikkje ut til å vere gode vilkår for infiltrasjon i grunnen om dette skulle vere aktuelt.

Tyngere grave/ og eller sprengingsarbeid er truleg også lite aktuelt i byggeperioden og med det og liten fare

Næringsverksemd

Vi går ikkje nøyare inn på økonomien i tomtsal. Ein må rekne med ein marginal auke i etterspurnaden etter jakt of fiskeprodukt frå hytteeigarane. Konflikt mellom hytteeigarar og sauenæring (sau som gjer frå seg rundt hyttene) er eit kjent problem og ei belastning for sauenæringa. Hyttebygging som skissert vil ikkje ha effekar på skogbruket.

Kulturminne

Ein må anta at området er i liten konflikthare med kulturminne, mellom anna er der alt bygd fleire steinfyllingsdammar. Kulturminneavdelinga hjå fylkeskommunen bør kontaktast før området leggst ut til spreidd hyttebygging.

Diskusjon

Ein har gått ut frå at det vert bygd hytter utan innlagt vatn og utan at det vert ført fram, veg i dñne vurderinga. Det bør frå kommunen si side understrekast at om området blir lagt ut til spreidd hyttbygging er det ingen automatikk i at ein får føre fram veg.

Dersom ein ønskjer å legge inn vatn vil dette medføre graving og (kanskje) sprenging med auka forureining i anleggsperioden. Krava i kommuneplanen til avløpsplan må oppfyllest og skulle trygge tilfredstillande løysingar på sikt. Tilhøva for infiltrasjon såg vanskelege ut under feltbefaringa, med store grunnlendte areal.

Konklusjon

Spreidd hyttebygging i området ved Borsæ vil ha negativ miljøverknad i form av auka motorferdsel og auka press på villreinen sine leveområde. I området som er tenkt til spreidd hyttebygging finst der naturskog av gran med verdi for biologisk mangfald. Ein bør av omsyn til denne naturtypen og trekkveg for vilt mellom Borsæ og Djupetjønn legge eventuelle hytter på vestsida av åsen mellom Borsæ og Djupetjønn.